

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Teknisk utval	28.05.2026	022/26

Mindre endring av reguleringsplan Vigra skule

Innstilling:

Teknisk utval vedtar å sende forslag til mindre reguleringsendring på avgrensa høyring til råka partar, Statens vegvesen og fylkeskommunen jf. pbl §12-14.

Teknisk utval 28.05.2026

Innstillinga vart einstemmig vedtatt

TU - 022/26 Vedtak:

Teknisk utval vedtar å sende forslag til mindre reguleringsendring på avgrensa høyring til råka partar, Statens vegvesen og fylkeskommunen jf. pbl §12-14.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Vigra skule vart vedtatt den 14.11.2024.

Byggearbeidet er godt i gang. Når det gjeld kantstopp og venteskur er det behov for nokre endringar i reguleringsplanen for å få ei hensiktsmessig plassering. Entreprenør og fylkeskommunen har kome med ønske om å nytte ein annan plassering av leskur enn det som er regulert inn. Dagens regulerte venteskur er ikkje heilt fornuftig med tanke på taktile heller og plassering. Vedlagt figur i vedlegg 1 viser Statens vegvesen si handbok N100 sine krav til utforming av kantstopp.

Plasseringa av leskuret i gjeldande plan har bakgrunn i at det ikkje skal kome i konflikt med siktsonene for avkøyrslene inn til skulen nord og sør for kantstoppet. Den 8. mai 2026 mottok kommunen mail frå fylkeskommunen der dei skriv at ettersom o_V3 er tilkomst kun for varelevering og renovasjon, og skal stenges for allmenn trafikk, vurderer fylkeskommunen

(plan, areal og TS) det til at man kan sjå på dette som en avkjørsel. Da er siktkrava 4 meter inn og 45 meter til siden. Det vil da vere mogleg å flytte leskuret utan å kome i konflikt med frisiktsonene.

Heimelsgrunnlaget:

Endringa kan gjennomførast etter forenkla reguleringsprosess jf. pbl §12-14.

Vurdering:

Endringa vil ikkje føre til særlege negative konsekvensar. Siktkrava i handboka til Statens vegvesen ivaretakast, samtidig som venteskuret får ein meir fornuftig plassering med tanke på taktile heller.

Plankart og planomtale må oppdaterast som følge av endringa. I vedlegg 2 er det laga ein figur som viser utklipp av plankart før og etter foreslått endring.

Økonomiske konsekvensar:

Endringa fører ikkje til nokon kjente kostnader for kommunen

Tilknytning til kommuneplan:


Samfunnsdel




- Arbeide for betre kollektivløysingar med buss og båt.
- Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal og transportplanlegging, med vekt på mobilitet til fots, sykkel og med kollektivtransport, jf. Plan for klima, areal og transport (PAKT).
- Sette krav om trygg skuleveg ved alle nye reguleringsplanar og legge opp til at flest mogeleg skal kunne sykle og gå til skulen.

Arealdel

Endringa er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	GOD UTDANNING	

 <p>8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST</p>	ARBEID OG ØKONOMISK VEKST	
 <p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p>	INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR	
 <p>11 BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN</p>	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN	

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren rår til å sende forslag til endring på avgrensa høyring til råka parter, Statens vegvesen og fylkeskommunen.